

---

**Fra:** Kåre Geitanger <karegeit@hotmail.com>  
**Sendt:** torsdag 16. januar 2020 11:11  
**Til:** Anngunn Marie Gullbrå  
**Emne:** Sv: Søknad om seksjonering 323/505

Hei

Takk for svar/tilbakemelding på søknaden. (Ikkje alltid like lett å gjera noko som ein egentleg ikkje kan!)

Prøver meg herved å svare på dine merknader:

- 1: Søknaden i 2 eksemplarer. Kan de kopiera opp eit eksempel?
- 2: Gangarealet vert å rekne som fellesareal for dei 2 seksjonane
- 3: Seksjon 2 må ha garderober i seksjon 1

Har du anledning til markere gangareal og garderobe på teikning (som de viste på kladd) og føre på B bak Snr i søknadsskjema?

Beste helsing  
Kåre Geitanger

---

**Fra:** Anngunn Marie Gullbrå <[anngunn.gullbra@alver.kommune.no](mailto:anngunn.gullbra@alver.kommune.no)>  
**Sendt:** onsdag 15. januar 2020 13:18  
**Til:** [karegeit@hotmail.com](mailto:karegeit@hotmail.com) <[karegeit@hotmail.com](mailto:karegeit@hotmail.com)>  
**Emne:** Søknad om seksjonering 323/505

Hei

Viser til innsendt søknad om seksjonering- det er dessverre nokre manglar ved denne.

Søknaden skal sendast inn i 2 originale eksemplarer, då det skal sendast 2 eksemplar til tinglysing. Alternativt må me kopiera eitt eksemplar og stempla med rett kopi. ( er det vanskeleg å framskaffa ein original til, så kan me kopiera)

Inndelinga av seksjonane: Kvar seksjon skal ha tilgang til det den treng utan å gå gjennom anna seksjon. ( tilkomst, stoppekrane osv)

Slik dette viser på teikningane er det ikkje eigen inngang til dette nye tilbygget. Dersom det då er tenkt at borna/ tilsette ved nye avdelingar skal ha same inngang som den eksisterande, må dette arealet ( gangarealet frå inngang til ny avdeling) verte markert som fellesareal for dei 2 seksjonane.

Dersom seksjon 2 skal ha garderober i seksjon 1, kan dette markerast som tilleggsareal til seksjon 2 ( T2 på byggteikning )  
Sjå døme på vedlagt kladd.

Skal det vere tilleggsareal i bygg ( garderobes e-l.) skal det då også påførast B i rubrikken for tilleggsareal bak Snr 2 i søknadskjema pkt 4. Dette kan me eventuelt retta på i det innsende eksemplaret – om de sender inn eit nytt som er rett!

Søknad avventar tilbakemelding.

Beste helsing

**Anngunn Marie Gullbrå** | Avdelingsingeniør Kart og Oppmåling

Telefon: +47 56 17 11 81

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE